

Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/348 - 18/14052

Saksbehandlar:

Ole Jakob Aarland

ole.jakob.aarland@lindas.kommune.no

Dato:

02.05.2018

Lindås sjøsluser - invitasjon til møte

Lindås sjøsluser, bygd i 1908, er eit unikt og viktig kulturminne. Det tekniske anlegget er eigd av Kystverket, og det er ein privat grunneigar. Etter å ha mottatt ein interpellasjon vedrørande arbeidet med Lindås sjøslusar, svarte ordførar følgjande i kommunestyremøte 22.3:

«For å avklare korleis ein skal vedlikehalde anlegget og utvikle området, ønskjer kommunen no å ta initiativ til ein overordna dialog med Kystverket og Hordaland Fylkeskommune. Det er viktig avklare ambisjonane og få på plass ei rolleavklaring på kven som gjer kva.»

For å følgje opp dette kallar vi difor inntil eit møte med følgjande agenda:

1. Status ved sluseanlegget
2. Veggen vidare
3. Rolleavklaring, kven gjer kva og kven har ansvar for kva?

Etter avtale med Ole V. Skauge er møtet lagt til **fylkeskommunen sine lokalar den 5. juni kl. 9.30.**

Under opninga i 2013 blei det avdekkja utfordringar knytt til det å få opna og lukka slusene. Utfordringa var grus i slusekammeret. I etterkant av opninga har det vore dialog mellom aktørane for å prøve å finne gode løysingar på denne utfordringa. Anlegget er heller ikkje ferdig restaurert og det ligg ikkje føre ein ferdig utarbeidd vedlikehaldsplan. I starten av 2017 vedtok kommunestyret i Lindås å sette av kr 380.000 av vedlikehaldsmidlane frå regjeringa, til å sjekke ut tilhøva om grus på botn og til fending. Dette prosjektet er nyleg avslutta.

Vi håpar de har høve til å delta på møtet. Frå Lindås kommune møter ordførar- Astrid Aarhus Byrknes, kultursjef Øyvind Stang og ansvarleg for tiltak knytt til slusene – Ole Jakob Aarland.

Med helsing

Ole Jakob Aarland
rådgjevar

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ole Vegar Skauge
Rune Oldervik

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Sørøst	Postboks 1502	6025	ÅLESUND